



Justisdepartementet
Lovavdelingen
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
15 DES 2005	
SAKSNR.:	200504026
AVD/KONT/BEH:	LOV/EOI/HI
DOK.NR.	51
ARKIVKODE:	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200307070-328/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 9. desember 2005

NOU 2005:8 "Likeverd og tilgjengelighet" - høringsfråsegn

Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland handsama NOU 2005:8 "Likeverd og tilgjengelighet" i rådsmøte 15. november 2005, sak 34/05, og gjorde vedtak om fylgjande uttale:

"Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland vil med dette seia seg særskilt nøgd med at det vert fremja ei lov mot diskriminering av personar med funksjonsnedsettelsar.

Rådet vil gi fylgjande kommentarar til innhaldet i lova:

§ 9 sett i sammenheng med § 10

Fylkesrådet for funksjonshemma meiner det i denne sammenhengen er viktig å vektleggja § 9. Ein kan frykta at individuell tilretteleggjing i § 10 vil bli tillagt for mykje vekt, og at målet om eit universelt utforma samfunn vil bli vanskelegare.

§ 11

Rådet vil stø mindretalet - Buvik, Fjellanger og Larsen - i samband med § 11 – "Plikten til universell utforming må utvides til også å gjelde IKT og samferdsel". Rådet ser det som særskilt viktig at § 11 inneheld klare mål om tidsfristar.

Rådet forventar at eigarar av bygg retta mot ålmenta byrjar langtidsplanleggjing av ombygging allereie no for å vera klar i god tid innan tidsfristen 2019.

Når det gjeld forslag til endringar i andre lover meiner rådet det er spesielt viktig å få rettighetsfesta retten til personleg assistanse i tillegg til brukarstyrt personleg assistanse.

Fylkesrådet for funksjonshemma vil i tillegg kommentera fylgjande i tilknytning til § 9 og § 11:

Nye bygg, anlegg, uteområder mv. skal vera universelt utforma frå 01.01.09 - gamle skal vera ombygd og tilrettelagt innan 01.01.19.

Det eksisterer i dag berre ein fragmentarisk oppfatning hjå byggherrar, planleggjarar, utførande og hjå styresmaktene om kva "universell utforming" er.

Ei felles oppfatning av dette vil vera avgjerande for at intensjonane i §§9-11 kan bli nådd.


Ein har kort tid på seg til å skapa klårheit i dette, og ein ber dirfor om at det vert sett fart i standardiseringsarbeidet slik at alle involverte veit kva behov synshemma, allergikarar, hørselshemma, rørslehemma osv. har. Berre på denne måten kan målsetjinga med antidiskriminering bli nådd på dette området.

Det vil vera naturleg å nytta dei funksjonshemma sine organisasjonar i arbeidet med å utvikla desse standardane (jfr. eksempel EU –standard for teleslynge).

For Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland

Anne-Berit Kolås

sign.
-leiar-



Dagmar Reutz Hillestad
-førstekonsulent-